



## Notat

Dato: 26.03.2015  
Arkivsak: 2015/3650-4  
Saksbehandlar: ariseks

---

Til: Fylkeseldrerådet

---

Frå: Sekretariatet

---

### Dialog med Skyss om reduksjon i rutehefter i papirformat

Skyss har kontakta fylkeseldrerådet og invitert til dialog om rutehefte i kollektivtrafikken.

Skyss har starta eit arbeid der ein planlegg å redusere talet på trykte rutehefter i Bergen. Svært mange reisande nytter seg av digitale kanaler som skyss.no og mobil-app for finne ruteinformasjon og Skyss meiner at behovet for rutehefte i papirversjon ikkje er like stort som før. Med digital ruteinformasjon kan Skyss gi passasjerane meir oppdatert og nøyaktig ruteinformasjon og det er i tillegg kostnadssparande og miljøvenleg. Samstundes er Skyss oppteken av at alle reisande skal kunne finne god ruteinformasjon, og ein er klar over at ikkje alle har tilgang til digitale kanalar. I samband med dette ønskjer Skyss ein god dialog med fylkeseldrerådet i Hordaland for at ein kan finne løysingar for distribusjon av rutehefte i papirversjon.

Skyss inviterte først til eit møte saka den 19. mars, men av praktiske årsaker er møtet nå avtalt til 9. april kl. 13:30, umiddelbart etter FYEL sitt møte same dag.

Janne Værnø  
Seksjonsleiar

Arild Sondre Sekse  
Seniorrådgjevar/sekretær